



Statens vegvesen

Askøy kommune
Postboks 323
5323 KLEPPESTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Sigmund Bødal - 55516146

Vår referanse:
2013/072907-009

Dykkar referanse:
2013/2547-104

Vår dato:
12.08.2015

Tilbakemelding på konsekvensutgreiing for Plan 370 Hanevik - Åsebø. Utbetring av Fv 563 og høgdebasseng.

Vi viser til brev i frå Askøy kommune av 28.05.15, der ein ber Statens vegvesen om tilbakemelding på konsekvensutgreiing på utbetring av Fv 563 og etablering av høgdebasseng.

Konsekvensutgreiinga tek utgangspunkt i hovudsak i to alternativ for framføring av ny 563 mellom Hanevik og Åsebø. Begge desse alternativa har eit A og B alternativ. Alternativ 1 går langs eksisterande vegtrase, med alternativ B med mindre tunnel. Alternativ 2 går nord av dagens trase med to tunnelalternativ. Konsekvensutgreiinga konkluderer med at ein bør på inn for bygging av alternativ 2B.

Når det gjeld kostnadar på dei ulike alternativa så spriker dei i frå 100 millionar til 175 millionar. Alternativa 1A og B kjem kostnadmessig mest gunstig ut med pris på 100 og 140 millionar. Alternativ 2 ligg høgst i pris med 155 og 175 millionar.

Alternativ 1 legg opp til at ein byggjer fylkesveg langs eksisterande trase etter S1 standard, med tilhøyrande gang og sykkelveg. Det vil bety at ein må gå gjennom kulturlandskap med gardsbusetnad i ei relativt stor breidde. Vidare vil alternativ 1 krevje ei kryssing av Åsebøvatnet for å unngå dei smalaste og mest svingete partia på dagens veg. Alternativ 1 vil ha, slik konsekvensutgreiinga viser, ein del negative element for naturmiljø, kulturminne og for lokal busetnad. Dette er likevel det rimlegaste alternativet, sjølv om alt. 1B ligg kloss opp til alt 2A i kostnad.

Alternativ 2 har både A og B alternativ med tunnel. Ved dette alternativet kan ein i anleggsperioden arbeide uforstyrra både frå vest og frå aust. Trafikken på Fv 563 kan gå som normalt i anleggsperioden. Vidare vil dette alternativet opne opp for at ein kan la gang og sykkeltrafikken gå over eksisterande trase på Fv 563. Alternativ 2 kjem også gjennomgåande betre ut i konsekvensutgreiinga når det gjeld naturmiljø, kulturminne og for lokal busetnad. Begge variantane av alt. 2 er dei dyraste av dei vurderte løysingane.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Statens vegvesen vil også understreke at det er knytt vesentleg større drifts og vedlikehaldskostnadar til eit alternativ med tunnel, enn veg i dagen. Vi kan ikkje sjå at dette går fram av konsekvensutgreiinga.

Vi kan heller ikkje sjå at konsekvensutgreiinga gjer greie for geologiske tilhøve på staden. Dette vil vere eit viktig moment å få avklara tidleg i prosessen for begge hovudalternativa som er fremma, med tanke på tunnel og fylling i vatn.


Vidare legg konsekvensutgreiinga til grunn ein vegstandard som S1. Statens vegvesen er usikker på om dette er riktig val av vegstandard her. Vi er av den oppfatning at ein heller må vurdere ein vegstandard med 60 km/t med lokale tilpassningar.

Samanfatning

Med bakgrunn i ovannemnde vil Statens vegvesen rå til at ein går inn for ein vegtrase frå Hanevik – Åsebø etter alternativ 1A. Dette trass i dei negative momenta som konsekvensutgreiinga legg for dagen. Byggjekostanden for alternativ 1A er vesentleg lågare enn byggjekostnadane for dei andre alternativa. I tillegg er det eit vesentleg moment at dei framtidige drifts og vedlikehaldskostnadane for tunnel er monaleg høgare enn tilsvarande kostnadar for veg i dagen. Vi rår til at det vert utarbeidd reguleringsplan med lokale tilpassingar etter alternativ 1A.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
sjefsingeniør


Sigmund Bødal
overingeniør

Kopi: Hordaland fylkeskommune